

Behovsvurdering ny fleirbrukshall Knarvik

Anleggsnummer: 72486, eigar Lindås kommune


Prosjektet står på førsteplass i handlingsprogrammet i Lindås kommune sin kommunedelplan for Idrett, Aktivitet og Friluftsliv. Midlar til å gjennomføra prosjektet er vedteke i kommunen sin økonomiplan for året 2017.

Den nye hallen er plassert i Nordhordland sitt regionsenter Knarvik. Anlegget består fleirbrukshall, klatrehall, buldrerom, to trimsalar samt garderober og lager. Anlegget er samlokalisert med ny Knarvik barneskule og i gangavstand frå den eksisterande Nordhordlandshallen.

Det er frå før ein fleirbrukshall i Knarvik, kapasiteten her er sprengt både på kveld/helg og på dagtid med Knarvik vidaregåande og Knarvik ungdomsskule. Grunna for liten kapasitet, får mange lag i tillegg berre ei trening i hallen per veke. Lindås kommune har dei siste åra måtta avvisa folk som har ønska å dra i gang nye idrettar som det ikkje finst tilbod om per i dag, blant anna turn, basket og badminton.

Knarvik er regionsenter, også for idretten, slik at fleire av idrettslaga som nyttar anlegga i Knarvik, i realiteten tilbyr aktivitet for barn og unge frå heile Nordhordland. Ny Knarvik barneskule vert bygt for 450 elevar. Det bur i dag langt over 10 000 menneske innanfor 5 minuttars kjøring. Plan for utvikling av Knarvik legg opp til kraftig vekst i folketalet i åra framover, med inntil 5000 nye innbyggjarar i gangavstand frå den nye hallen.

Ny hall vil også bety auka moglegheit for avvikling av cupar, blant anna for Knarvik IL handball som er ei av dei største gruppene i regionen.



Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt Lindås kommune